

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 18/354 -
Arkivkode: 101.3

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utvaksaknr.	Utvål	Møtedato
PS 89/18	FORMANNSKAPET	27.11.2018
PS 4/19	KOMMUNESTYRET	19.02.2019

RULLERING - KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2018 - 2030

- Vedlegg:**
1. Tysnes kommune kommuneplan samfunnsdel 2018-30
 2. Innspelsdokument medverknad
 3. Uttale Stord kommune
 4. Uttale Hordaland Fylkeskommune
 5. Uttale prosjektsjef Tysnes kommune
 6. Uttale Nav Tysnes kommune
 7. Uttale Alsaker Fjordbruk AS/ Meidell AS
 8. Uttale Fylkesmannen i Hordaland
 9. Uttale Onarheim bygdalag m.fl.
 10. Uttale NVE
 11. Uttale SVV.

SAKSUTGREIING:

I kommunestyre si sak PS 33/18 vart det gjort vedtak om at framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel skulle leggjast ut til offentleg høyring.

Gjennom høyringsprosessen er det kommet inn ni uttaler, desse følgjer i sin heilskap som vedlegg til saka og bør lesast i sin heilskap før det vert gjort endeleg vedtak.

I det følgjande vil me gå gjennom uttalane opp mot det me meiner er hovudpunktet i dei ein-skilde. Det er fleire tema som går igjen i ulike innspel, er det kommentert ein plass, så er det ikkje sikkert at det er like inngående kommentert i neste, men alle innspel er lest og vurdert.

Planframlegget som følger denne saka vert justert etter vurdering av innspela, det skal gå klart fram av saksframlegget kor innspela er fylgt opp gjennom endringar i planen.

Planframlegget peikar på kommunen sine langsiktige utfordringer, mål og strategiar.

Planen gjer føringar for korleis Tysnessamfunnet skal utvikla seg og har eit tidsperspektiv på 12 år med rullering kvart fjerde år. Dei meir konkrete og praktiske vurderingar og tiltak skal handsamast i ein eigen handlingsdel.

Handlingsdelen har eit tidsperpektiv på 4 år med årleg rullering. Dei overordna strategiane vil gje retning til handlingsdelen, me ser det som naturleg at handlingsprogrammet vert lagt fram i tilknytning til kommunen sitt arbeid med budsjett og økonomiplan. Det første handlingsprogrammet vert lagt fram hausten 2019.

Vurdering av uttaler til planen

1. Stord kommune

Stord kommune peiker på at me har felles interesse knytt til viktige samferdsleprosjekt, dette gjeld mellom anna fastlandssamband til Huglo, sørleg kryssing av Langenuen for E39 og ulike utfordringar i høve til kollektivtrafikk.

Stord kommune peiker også på moglegheita til å samarbeida gjennom interkommunal tenesteproduksjon.

Stord ber om at kommunane talar med felles røyst der det allereie er semje mellom nabokommunane. Dei etterlyser ein tydelegare strategi for Tysnes sitt arbeid i Samarbeidsrådet og ambisjonar for det regionale samarbeidet.

Kommentar:

Tysnes ønskjer eit godt samarbeid om felles infrastruktur og opplever også at dette samarbeidet fungerer godt. Me har planar om oppfølging av Huglosambandet i vår planstrategi og vil vera positiv til etableringar av fellesløysingar i regionen der det er naturleg.

I den grad interkommunal tenesteproduksjon skal inngå i kommunens vidare satsing må vurderast frå sak til sak. Det er ikkje ønskje om ein gjennomgripande strategi for utsetjing av tenester.

Tysnes har eit godt etablert samarbeid i Sunnhordland gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland, me deltek også i ulike samarbeidskonstellasjonar nordover der det er naturleg. Planen legg ikkje opp til noko ny strategisk tilnærming opp mot regionalt samarbeid. Me har ikkje sett trond for å leggja ein eigen strategi for regionalt samarbeid inn i samfunnsdelen.

2. Hordaland Fylkeskommune

Generelle og planfaglege innspel:

Fylkeskommunen ser at medverknadsprosessen har vore nyttig men saknar å forstå korleis innspela har påverka planen.

Fylkeskommunen peiker også på at planen skal ta opp og setje mål for utviklinga både innanfor kommunen sin eigen organisasjon og for kommunesamfunnet. Når planen ikkje skiljer desse veldig klart opplever dei vanskar med å lesa planen.

Fylkeskommunen ønskjer at Tysnes synleggjer fokus på folkehelse, klima og universell utforming som gjennomgripande og overordna tema i planen.

Fylkeskommunen opplever at planen er litt vanskeleg tilgjengeleg og at det bør leggjast vekt på at planen bør tilretteleggjast slik at den kan lesast av ulike brukargrupper med ulik forståingsbakgrunn.

Fylkekommunen meiner at kommunen burde fremja planen for regionalt planforum for å få ei betre innarbeiding av regionale perspektiv. Dei meiner elles at planen er for rund og at den i litra

grad kan nyttast som eit styringsdokument for kommunen og at kommunen ideellt sett bør «ta ein runde til» før planen vert fremja for vedtak.

Kommentar:

Planen slik den ligg føre no er utforma som eit resultat av folkemøta, det betyr likevel ikkje at alle innspel er komne med i det endelege framlegget til plan. Innspela frå folkemøta er i sin heilskap lagt som vedlegg og underlagsdokument til planen.

Tysnes kommune har valt å handsama tilhøve mellom kommuneorganisasjonen og –samfunnet som ein integrert del på dette nivået. Me meiner at det er i samsvar med føresetnadene i lova og at ei slik tilnærming er naudsynt for ein kommune som i stadig større grad har trong for aktivt samvirke med samfunnet rundt seg i løysing av sine oppgåver. Når dette vert teke vidare inn i handlingsprogrammet vert det naturleg nok eit tydelegare skilje mellom kommuneorganisasjonen og –samfunnet.

Me er ikkje samd i fylkeskommunen si vurdering av planen som styringsverkty. Her er det viktig å ha med seg at planen skal følgjast opp av eit fireårig handlingsprogram med årleg rulling. Sjølvé samfunnsdelen bør ikkje vera så detaljert som fylkeskommunen gjev uttrykk for i sin merknad til planen. For stor grad av detaljering på dette nivået inneber at planen mister relevans. Ny kunnskap og teknologi vil gje grunnlag for nye løysingar og tilnærmingar utan at dei grunnleggjande strategiane mister sin relevans som følgje av dette.

Tysnes kommune er klar over fylkeskommunen sine regionale planar og har tatt mange av desse momenta med seg som utgangspunkt i gjeldande planframlegg.

Det er eit poeng at planen med fordel kan forenklast litt, dette kan gjerast i den endelege presentasjonen av planen der det gjerne kan lagast ein kortversjon som primært tar opp i seg strategiar og mål.

Me finn ikkje at planen er eit därleg styringsverkty og ser ikkje grunnlag for å «ta ein ny runde».

Merknader til særskilte tema områder:

Senterutvikling og samferdsle:

Fylkeskommunen viser til regional plan for attraktive senter i Hordaland, dei ber konkret om at Tysnes kommune revurderer sin strategi i punkt 2.4.3:

Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetje seg der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu.

Dei viser i samanheng med dette til at ein slik strategi gjev därlege kår for sentrumsutvikling og samordna areal og transport planlegging. Ikkje minst viser dei til at ein tydelegare senterstruktur legg betre føresetnader for kollektivtransport.

Dei ønskjer vidare eit sterkare fokus på trygge skulevegar og meiner at etablering av gangveg mellom Uggdal og Våge bør omtalast særskilt i planen.

Kulturminne og kulturmiljø:

Fylkeskommunen er regional sektormynde innanfor dette område.

Fylkeskommunen viser til at kulturmiljø og kulturminne kan vera viktige føremonar i utvikling av kommunale tenester og for samfunnsutviklinga elles. Dei viser elles til at den gode effekten av desse tilhøva kan skildrast nærare i kulturminneplanen.

Klima og energi:

Punkt 2.4.3.2 b): Fylkeskommunen meiner det er positivt at planen tek opp klimatilpassing, men stiller spørsmål til forankringa i klima og energiplanen.

Punkt 2.5.3.2 og 3.: Fylkeskommuen er positiv til at planen inkluderer strategiar for jordven og massedeponi, som er viktige karbonlagre.

Punkt 2.7.3.5: Det er positivt at det vert utarbeidd ein plan for vatn og avlaup då ein slik plan kan vera eit viktig verkty i klimatilpassinga.

Dei viser avslutningsvis til at kommunen sin klima og energiplan er frå 2010 og at planen anten bør rullerast eller vurderea å inkludera viktige mål for dette område i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei viser til slutt til at Tysnes kommune har ein del høgare utelegg per innbyggjar enn snittet i Hordaland og ulike tiltak kommunen kan gjennomføra for å redusera utslepp.

Folkehelse og universell utforming

Fylkeskommunen etterlyser kommunen si oppfølging av folkehelselova § 5 som seier at alle kommunar skal utarbeide ei folkehelseoversikt. Dei saknar også tydelege strategiar for å auka innsatsen for å førebyggje sosiale helseskilnader.

Fylkeskommunen peiker på at nærturområder og lågterskel nærmiljøanlegg er viktige for å ivareta og fremja ei god folkehelse.

I uttalen viser dei elles til at dei saknar tydelegare målsetnader og strategiar for forvaltning av strandsona.

Barn og unge

Fylkeskommunen saknar eit tydelegare fokus på barn og unge sine interesser mellom anna under punkt 2.3.3 og under punkt 2.6.3.

Næring:

Fylkeskommunen viser til temaplan for Landbruk i Hordaland og meiner at målsetnader i denne planen som styrka lønsemd, auka produksjon og betre rekruttering ikkje kjem klar nok fram i kommunen sin plan.

Punkt 2.5.3.2, a): Her ber fylkeskommunen om at formuleringa vert gjort tydelegare og med tydelegare målsetning.

Punkt 2.5.3: Dette punktet er ulike strategiar knytt til næring, fylkeskommunen meiner at det er for generelt og at formuleringane gjev lite styring. Dei saknar også tydelege strategiar for reiseliv.

Punkt 2.6.2.3: Punktet tek opp Tysnesfest, her saknar fylkeskommunen eit tydelegare utviklingsperspektiv.

Til slutt ber fylkeskommunen om at me vurderer Ungt Entreprenørskap inn i skulen.

Akvakultur:

Fylkeskommunen viser til at det i planen er lagt opp til vekst og at planen legg vekt på å sikre areal til føremålet. Dei meiner at kommunen her bør gjera vurderingar knytt til eigna areal på sjø og land for ulike typar akvakultur (artar, teknologi m.v.)

Kommentar:

Kommentar: Senterutvikling og samferdsle:

Den regionale planen for senterutvikling er laga for kommunar med utprega sentrumsstruktur.

Tysnes seier klart frå i sin samfunnsdel at det skal satsast vidare i alle bygder i tillegg til fortetting gjennom spreidd utbygging, det er vår styrke og vår identitet og det som skil oss frå kringliggende kommunar.

Tysnes kommune har vore pådrivar og samarbeidspartner i sentrum -og utbyggingsplanar for Våge, Onarheim og Uggdal i dei seinare åra. Kommunen vil også i fortsetjinga bidra til planar som står opp under vekst og utvikling i bygdesentra både når det gjeld bustad, næring og samferdsle.

Me meiner likevel at formuleringa som er valt i den overordna strategiformuleringa «*Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetje seg der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu*» er ei rett tilnærming.

Praktisk erfaring viser at dei fleste vil bu i bygdesentraene, men det er også nokre som vil busejå seg utanfor. Ein politikk med aktiv satsing i å bygga attraktive senterområde me tilgang til bustader, tomter, næring og offentleg/privat tenesteyting kan godt sameinast med noko spreidd desentralisert utbygging.

Me har ikkje funne grunnlag for å endre formuleringa som ligg til grunn i 2.4.3.

Innspelet om auka fokus på trygge skulevegar vert innarbeidd i planen med følgjande formulering under punkt 2.7.3.2 d): *Det skal arbeidast for trygge skulevegar som stimulerer aktivitet og folkehelse. Det skal arbeidast med parallelle og samordna investeringar som også gjev grunnlag for opprusting og ny utbygging av gang og sykkelvegar. Det er ønskjeleg å etablera gang og sykkelveg frå Uggdal til Våge.*

Kommentar: Kulturminne og kulturmiljø:

Kulturminneplan for Tysnes kommune er snart ferdig og vil då ta opp i seg mange av desse innspela.

Kommentar: Klima og energi:

Fylkeskommunen stiller under punkt 2.4.3.2 b) spørsmål om forankring i vår klima og energiplan, me viser i den samanheng til Klima og energiplan for Tysnes kommune prioritert tiltak punkt 1.2 under delstrategi 1.

Me har ikkje vurdert å innarbeida Klima og energiplanen sine mål i kommuneplanen, men tenkjer at den vert vurdert for rullering i samband med vedtak av ny planstrategi. Me reknar elles med at dei gjennomsnittlege utsleppa per innbyggjar i Tysnes går monaleg ned når dei nye ferjekontraktane trer i kraft.

Kommentar: Folkehelse og universell utforming

Tysnes kommune har oppfylt plikta etter folkehelselova § 5. Den gjeldande folkehelserapport er no under revisjon, ny rapport vil bli nytta som grunnlag i kommuneplanen sin handlingsplan. Ny rapport vil truleg verta lagt fram våren 2019.

Me er no også i gang med ei ny folkehelseoversikt som vil verta lagt fram våren 2019. Folkehelse er elles eit gjennomgåande tema i planen. I høve til innspel knytt til lågterskel nærmiljøanlegg vert dette ivaretake gjennom omformuleringar av punkt 2.6.2.6 og under strategiar punkt 2.6.3 nr. 1.

Førebygging av sosiale helsekilnader vert styrkt i planen gjennom ny formulering under punkt 2.2.3 punkt 2, sjå under kommentar frå leiar av NAV Tysnes.

Me meiner at formuleringar og mål for strandsona er tilstrekkelege for å ivareta dette på ein god måte også opp mot tilrettelegging gjennom universell utforming.

Universell utforming er elles innarbeida i føremålsparagrafen til plan og bygningslova og vert teke omsyn til gjennom sakshandsaming av alle relevante prosjekt.

Kommentar: Barn og unge

Fylkeskommunen saknar eit tydelegare fokus på barn og unge sine interesser mellom anna under punkt 2.3.3 og under punkt 2.6.3. Me meiner at dette er tilstrekkeleg formulerert i planen og at den gjev eit godt rom for å prioritera tiltak i handlingsplanen.

Kommentar: Næring

Gjennom langsiktig og forsiktig satsing har bønder på Tysnes klart å halde eksisterande landbruk i gong. Rekruttering løyser seg ved generasjonsskifte, fritt sal av jord og skogeigedom og gründerverksemd.

Reiselivsverksemda blømar og me har i kommunen fleire prov på at «alt» går ann om ein verkeleg går inn for det. Me har overnatting- og serveringsplassar, festivalar, næringsverksemder, attraktive landskap og rekreasjonsområder og matproduksjon i Noregstopenn.

Kommunen har ein mengde små og mellomstore verksemder som gjer at kommunen ikkje er så sårbar som kommunar som er meir avhengig av skip og oljerelaterte verksemder.

Med ein klar strategi saman med økonomisk realisme vil Tysnes kommune halda fram med å støtte opp om eksisterande næringar, rekrutera nye og byggja vidare på desse kvalitetane i samfunnsdel og seinare opp mot arealdel. Kommunen har ein klar strategi i punkt 2.5.3. 1 og 2.

Det er elles vist til behov for ein meir målretta plan for næring og reiseliv.

Når det gjeld punkt 2.5.3.2, a) vert denne formuleringa klargjort, sjå innspel frå Alsaker AS/Meidell AS.

Punkt 2.6.2.3: Her legg me inn ein ny setning på slutten av første avsnitt: *Tysnes kommune vil også i fortsetjinga arbeida for å sikra festivalen livskraft og utfaldingsrom.*

Ungt Entreprenørskap er vurdert i skulen ved tidlegare høve, ei ny vurdering av dette må eventuelt gjerast i handlingsprogrammet. Eit slikt konkret tiltak kan utan problem sjås i ljós av dei valgte overordna strategiane.

Kommentar: Akvakultur

Tysnes tek signal frå styresmaktane på alvor og vil jobbe aktivt for å leggja til rette for utvikling av fiskeri, akvakultur og sjømatproduksjon.

Tysnes vil gjennomföra dette gjennom til ein kvar tid lytte til næring, tilgjengeleg forskning og gjeldande regelverk for å kunne handsame søknader innanfor kommunens territoriale grensar og møte utviklinga i komande planperiode.

Å låse seg oppt il synsing om ny kunnskap, nye artar, teknologi m.v. vil etter vårt syn vera direkte uklokt. Akvakultur er og vil vera ein av dei store næringane med eit stort utviklingspotensiale i kommunen også i eit tolvårsperspektiv.

3. Prosjektsjef Tysnes

Punkt 2.6.2.6 «Anlegg» bør følgjande avsnitt, eller liknande formulering leggast til:

Tysnes kommune har i dag få nærmiljøanlegg som oppmodar og vert brukt til uorganisert fysisk aktivitet.

Punkt 2.6.3, nr 1, bør følgjande formulering leggjast til:

Det skal arbeidast for å etablere nærmiljøanlegg i dei største bygdene som oppmodar til uorganisert fysisk aktivitet.

Nærmiljøanlegg er tatt inn som ein del av delområdet «Fritid». For å kvalifisera til ein søknad om tippemidlar til nærmiljøanlegg må etableringa av desse vera ein del av ein vedtatt kommunal plan.

Kommentar:

Innspela vert innarbeida i planen slik dei er formulert ovanfor.

4. NAV Tysnes

Punkt 2.2.3, nr.2 vert det fremja slikt innspel til mål:

Tysnes kommune skal leggja til rette for eit godt førebyggjande arbeid ovanfor barn og familiar med ein utfordrande livssituasjon.

Tysnes kommune skal bidra til utvikling av lokale aktivitetstilbod for å hindre utanforskap og utstøyting frå arbeidslivet.

Kommentar:

Innspela vert innarbeida i planen slik dei er formulert ovanfor.

5. Alsaker fjordbruk AS /Meidell AS

Her fleire innspel til tema barnehage og skule:

Punkt 2.3.2.3: Saknar ein nærrare omtale om den prekære situasjonen på Onarheim opp mot barnehage.

Punkt 2.3.2.4: Saknar tilvising til kunnskapsløfte som legg opp til at skulen vert delt i barne- trinn 1-7 og ungdomstrinn 8-10. I dag strir inndelinga på Onarheim mot dette prinsippet. Dei ber om at dette prinsippet vert omtala og at oppveksttun som pedagogisk modell skal satsast vidare på

I uttalen vert det vidare teke opp spørsmål knytt til styrking og fortetting av etablerte bygder: Dei meiner at dagens struktur med mindre bygder som i seg sjølv manglar den «kritiske massen» for å skapa sterke tettstader er noko som må prega strategiar for bustadpolitikk under punkt 2.3.4. Ein må prioritera styrking og fortetting av bygder med skule, barnehage og etablerte handelstilbod.

Punkt 2.5.3: Moderne landbruk er lite foreinleg med fortetting og tettstadutvikling, ein bør difor ta ut punkt 2.5.3 nr. 2, bokstav a) der ein legg til grunn at matjord skal ivaretakast i alle utviklingsområde.

Under sjøretta næring og havbruk tek dei opp at Tysnes kommune nyttar liten del av sjøarealet til marin næring og akvakultur.

Punkt 2.5.1: Dei meiner kommunen må vera varsam med å leggja til grunn at framtidig vekst «i særskilt grad» vil koma innanfor nye artar.

Det bør også leggjast til rette for at nye næringsområde bør lokaliserast i tilknyting til etablerte bygdesenter.

Under infrastruktur peikar dei i innspelet på at det er stor trøng for opprusting av eksisterande fylkesvegnett.

Punkt 2.7.3 nr 3: Det bør nedfellast at kommunen skal iversetja reguleringsplanarbeid på fylkesvegnettet med mål om å utløyse fylkeskommunale investeringar.

Det bør elles prioriterast utlegging av masseuttak på strategiske plassar langs fylkesvegnettet for å framskunde større vegomleggingar.

Punkt 2.7.2.4: Utbygging av mobilnettet bør også sjåast i ljós av næringsliv og busettnad.

Kommentar:

Punkt 2.3.2.3: Det vert lagt inn følgjande setning under punktet: Onarheim barnehage har per i dag ikkje tilstrekkeleg dekning for behovet i bygda og det er behov for nyinvestering for å ivaretaka vekstpotensialet i bygda.

Punkt 2.3.2.4: Punktet skildrar dagens inndeling og struktur. Innspelet som går på kunnskapsløftet og klassetrinndeling på Onarheim har ikkje vore gjennstand for inngående drøfting i skulebruksplanen, men er omtalt i samandraget og vurdert av arbeidsgruppa under punktet alternative skulestrukturar. Det er naturleg at ei eventuell endring i samsvar med kunnskapsløftet si normaldeling vert drøfta ved rullering av skulebruksplanen, jf. punkt 2.3.3, a).

Punkt 2.5.3, a): Dette punktet går på jordvern opp mot behov for sentrumsnær utvikling. Bygdene på Tysnes er ikkje resultat av vedtak, det var dei områda som hadde den beste jorda, ein landskapsutforming det let seg byggja i og tilstrekkelege ressursar på land og i fjord til å halde liv i busettjarane som var avgjerande då bygdane vaks fram. Det er difor viktig at jordeigare er klar over sin viktige rolle i den vidare samfunnsutviklinga. Bygnader og infrastruktur bør kunne leggast i mindre sårbar terrenge som i skog med låg bonitet, og andre mindre viktige markslag der dette ikkje er til vesentleg hinder for utviklinga. Me ser samstundes at det uomtvistet vil vera behov for å gjera inngripen også i jorbruksland om me skal klare å utvikle og fortette bygdesentra. Me vi ut frå ei samla vurdering rå til at punktet vert omformulert slik: *Det må gjennomførast ei vektiging av behov for fortetting, næring og offentlege/private funksjonar opp mot behov for nedbygging av noko jordbruksareal ved dei ulike bygdesentra, matjorda skal då så langt som mogleg ivaretakast gjennom avgraving og flytting i samsvar med bokstav b.*

Punkt 2.5.1: I kommunal og moderniseringsdepartementet sitt nyaste rundskriv H-6/18 « Lovar og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder» står det mellom anna :

De store ambisjonene for vekst i akvakulturnæringen vil kreve at det settes av tilstrekkelig areal i kommuneplan. Et godt samarbeid mellom kommunene, fylkeskommunen og statlige myndigheter er en forutsetning for å oppnå dette målet.

Tysnes kommune vil arbeide for at næringa har tilstrekkeleg areal for å møte utviklinga. Me har ikkje under dette punktet vist til at veksten i særskilt grad kjem innanfor oppdrett av nye artar, men peika på at veksten i marine næringar i særskilt grad er knytt til akvakultur. Ut frå at punktet kan misforstås vert det omformulert slik: *Marine næringar er venta stor vekst, dette*

gjeld i særskilt grad for akvakultur, under dette både tradisjonell fiskeoppdrett og i noko mon nye artar slik som til dømes makroalgar.

Punkt 2.7.3 nr. 3: Under punkt a) vert det lagt følgjande tillegg: *Tilsvarande kan kommunen vurdera å stå for planlegging av deler av fylkevegnettet.*

Føresetnad for at kommunen skal gå inn på slik planlegging bør i så tilfelle vera klare å avgrensa semjer og avtaler med fylkeskommunen. Masseuttak og deponi er arealføremål som skal innarbeidast ved rullering av arealdel, punkt 2.5.3 - 3og 4 omtalar tema.

Punkt 2.7.2.4: Følgjande setning vert lagt som tillegg til 2. avsnitt: *Det er særleg utfordrande i eit beredskapsperspektiv, men er også ei ulempe for busetnad og næring.*

6. Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen er positiv til mykje av det kommunen har levert og trekk spesielt fram tema oppvekst men saknar meir konkrete mål og konkretisering av vegen fram til dei ulike måla, men har og med rette oppfatta at kommunen kjem til å vera meir konkret i sine handlingsplanar.

Fylkesmannen etterlyser kommunen si oppfølging av folkehelselova § 5 om utarbeiding av eit folkehelseovesyn.

Fylkesmannen tek opp problemstillingar knytt til skule- og barnehagestruktur opp mot det som er ført under status på desse områda der det er vist til relativt sett store investeringsbehov.

Fylkesmannen ber elles om ein klarare samanheng mellom skulestruktur og planlegging av nye bustadområder.

Fylkesmannen rår også til at det vert konkretisert nærmere kva områder som er viktige for fri-luftsliv, mellom anna under punkt 2.6.2. Friluftsliv kan igjen koblast opp mot eit folkehelseperspektiv.

Fylkesmannen meiner at strategiar under punkt 2.3.3 nr. 2 er uklare og at det er meir ei liste over verdiar enn strategiar som kan utdjupast gjennom handlingsval.

Fylkesmannen meiner elles at planen gjev dels ufullstendige føringar opp mot arealpolitikken og rår til at det vert utdjupa vidare.

Kommentar:

Igen så må det presiserast at samfunnssdelen er eit overordna strategisk dokument og ikkje ein detaljstyring av ulike tema i areal eller sektorplanar. Planen skal syne ein retning og den skal innarbeidast og implementerast som eit grunnlag for vidare arbeid med areal og handlingsdel. Me tek tilbakemeldinga til etterretning, men meiner at me har tilstrekkeleg detaljnivå på planframlegget slik det ligg føre, i handlingsdel vil både kortsiktige og langsiktige mål kunne konkretiserast

Punktet om folkehelseoversikt er ikkje relevant da me har utarbeidd oversyn som vert kravd etter lova. I desse dagar arbeider me med revisjon av dette oversynet.

Når det gjeld utlegging av bustadområder synes det ganske klart i planen at det skal satsast vidare på fortetting og utvikling av bygdesentrene, men med eit godt innslag av spreidd busetnad også. Dette heng ikkje berre saman med skule- og barnehagestruktur, men må også vurderast opp mot næring, eksisterande busetnad og andre offentlege og private servicefunksjoner. Det vert elles vist til punkt 2.3.3 nr. 1 som legg opp til rullering av kommunedelplan for skulebruk og barnehagestruktur.

Når det gjeld innspelet om nærmere kartlegging av viktige friluftsområder i kommunen så tør me visa til nyleg utarbeida rapport om kartlegging og verdsetjing av friområder som vart vedteken i 2017.

I høve Fylkesmannen sine vurderingar om retningsval under punkt 2.3.3 nr. 2 så er me usamd i vurderinga som er gjort.

Me meiner til sist at planen gjev ein del føringar opp mot arealpolitikken sjølv om dette må takast vidare inn i planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel.

7. Onarheim bygdalag m.fl.

Innspelet gjeld det geografiske området som utgjer Onarheim skulekrins, og lokalt forankra strategidokument « Visjon Onarheim 2022»

Kommentarar:

Skule og barnehagestruktur er tidligare kommentert i saksutgreiinga.

Tysnes kommune har i sin samfunnsdel ein klar strategi om å styrke alle eksisterande bygder og stimulera til vekst.

Kommunen vil saman med engasjerte bygdelag, prioriteringar i trafikktryggleiksplan og strategiske val av areal for utvikling, jobbe for utbetring av vegstandard på fylkesvegane i Tysnes kommune.

Strandsona skal vera tilgjengeleg for ålmenta, men den skal ikkje vera eit hinder for utvikling. Onarheim er i same situasjon som andre bygder, der mange tilbod kan finnast lokalt men nokon må løysast sentralt.

Tysnes kommune legg opp til ein arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetja der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu.

8. Noregs vassdrag og energidirektorat.

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Kommentar:

Tysnes kommune tek uttalen til vitande.

9. Statens vegvesen

Syner til statlege planretningslinjer, bustadsutvikling som reduserar transportbehov og fremjar miljøvenlege transportval og reduserar klimagassar.

Statens Vegvesen er positiv til at planen vektlegg universell uformig.

Statens Vegvesen er positive til at samfunnsdelne legg opp til å nyttja rekjkjefølgjekrav i nye utbyggingsområder.

Statens Vegvesen er positive til at kommunen gjennom Samfunnsdelen har fokus på å førebu samfunnet for nye moment og utfordringar som følgjer av E39.

Kommentar:

Tysnes kommune tek uttalen til vitande.

Samla vurdering av uttaler til planen

Etter ein samla vurdering av innkomne uttaler til planen har me innarbeidd ein del endringar, me har ikkje innarbeidd alle innspel. Her må me også sjå på at planen ikkje bør vera for volumøs, ein del ting vil heilt naturleg liggja som tilleggsrapportar utanfor planen. Mange av desse vil

igjen verta nytta i utarbeiding av handlingsprogrammet, dette gjeld mellom anna rapportar knytt til folkehelseoversyn, kartlegging og verdsetjing av friområder med vidare. Me ser også at planen gjerne kunne vore meir utfyllande på einskilde punkt slik som til dømes reiseliv og kulturminner, på den andre sida har me lagt inn ein del føresetnader om vidare meir detaljert temaplanlegging. Det er mellom anna peika på behov for ein eigen næringsplan, me har vidare ein kulturminneplan som er om lag ferdig. Dersom ambisjonen er at Samfunnsdelen skal femja om for mykje er det ein vesentleg risiko for at me sit att utan noko.

Med bakgrunn i dei innkomne uttalane er me tilfreds med å leggja denne planen fram til vedtak. Me er likevel samd med Hordaland Fylkeskommune som peiker på at planen kan framstå litt uoversikteleg og vanskeleg tilgjengeleg, me tenkjer at dette i noko mon kan løysast gjennom betre redigering og at det kan vera trøng for ein kortversjon som berre tar opp mål og strategiar.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i § 11-15 i plan og bygningslova vedtek Tysnes kommune kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030 med dei endringane som kjem fram i saksutgreiinga.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikke påklagast.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i følgje Plan- og bygningslova § 11-3 leggas til grunn for kommunen si eiga verksemd og for statleg og regionale mynde sitt virke i kommunen.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 27.11.2018:

Anne Merete Fjelstad ba om at administrasjonen gjer fortløpende vurderingar knytt til om 7. klasse skal gå på Onarheim eller om dei skal flyttast over i 7. klasse.

Representanten Anne Merete Fjelstad sette fram slikt framlegg om tillegg:

«Det vert bede om at det vert lagt fram ei eiga sak for kommunestyre knytt til inndeling av klassetrinn på Onarheim skule.»

Framlegg frå representanten Anne Merete Fjeldstad vart samrøystes vedteke.

Representanten Arne Leite sette på vegner av Tysnes Sp fram slikt framlegg:

«Punktet om rullering av skulebruksplan punkt 2.3.3.1 a vert teke ut.»

Ved avrøysting vart framlegg frå representanten Arne Leite samrøystes vedteke.

Det ligg då føre slikt samrøystes framlegg til vedtak:

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 27.11.2018:

Med heimel i § 11-15 i plan og bygningslova vedtek Tysnes kommune kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030 med dei endringane som kjem fram i saksutgreiinga.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikke påklagast.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i følgje Plan- og bygningslova § 11-3 leggast til grunn for kommunen si eiga verksemd og for statleg og regionale mynde sitt virke i kommunen.

Punktet om rullering av skulebruksplan punkt 2.3.3.1 a vert teke ut.

Det vert bede om at det vert lagt fram ei eiga sak for kommunestyre knytt til inndeling av klasstrinn på Onarheim skule.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 19.02.2019:

Med heimel i § 11-15 i plan og bygningslova vedtek Tysnes kommune kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030 med dei endringane som kjem fram i saksutgreiinga.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikke påklagast.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i følgje Plan- og bygningslova § 11-3 leggast til grunn for kommunen si eiga verksemd og for statleg og regionale mynde sitt virke i kommunen.

Punktet om rullering av skulebruksplan punkt 2.3.3.1 a vert teke ut.

Det vert bede om at det vert lagt fram ei eiga sak for kommunestyre knytt til inndeling av klasstrinn på Onarheim skule.